



**FOLGEFONNSENERET**

Postboks 119  
5486 ROSENDAL

## **Støtteerklæring Skaalurensamlinga/Skipsbyggjarmuseet**

Folgefonnsenteret i Rosendal vart opna 2. mai 2017 av statsminister Erna Solberg. Senteret skal utviklast til å bli ein turistattraksjon av høg kvalitet med fokus på vatnet sin syklus på jorda. Senteret skal vera ein møteplass mellom forskning og kunnskapsformidling, og er eit samarbeid mellom dei 5 Folgefonnkommunane (Etne, Jondal, Kvinnherad, Odda og Ullensvang), Bjerknessenteret/ Universitetet i Bergen, Havforskningsinstituttet og Miljødirektoratet/Besøkscenter nasjonalpark Folgefonna. Skaalurensamlinga/Skipsbyggjarmuseet inngår som ein integrert del av senteret.


Utstillingane i Folgefonnsenteret vil gje oppdatert og forskningsbasert informasjon om klima, miljø, landskap, naturverdiar og naturbaserte aktivitetar på Folgefonna, bygdene omkring og i Hardangerfjorden. Den faglege forankringa inn mot verdsleiarnde institusjonar/forskingstiljø som Bjerknessenteret og Havforskningsinstituttet, gjer senteret til ein unik arena for kunnskap og læring.

Folgefonnsenteret og Skaalurensamlinga/Skipsbyggjarmuseet ser stor gjensidig nytte av å kunna formidla dei lange båtbyggjartradisjonane i Sunnhordland og Hardanger, og den verdi denne næringa har hatt for folk i fleire generasjonar. Kan leggja til at Hardangerjakta «Gurine» som er under restaurering i Rosendal skal ha Folgefonnsenteret om hamn i sommarsesongen, og fartøyet vil inngå som ein viktige og spanande del av utstillingane i senteret.

Etableringa av Folgefonnsenteret representerer spanande moglegheiter for å oppnå ei revitalisering av Skaalurensamlinga/Skipsbyggjarmuseet. I samband med dette er det nødvendig med ei større fornying av utstillingane i museet, og vi støttar arbeidet med å få dette gjennomført/finansiert så snart som mogleg.

Rosendal, 12. juni 2017

for Stiftinga Folgefonnsenteret



Knut Førland  
Arbeidande styreleiar